

SMÅPRODUKSJON STORINDUSTRIKAPITAL

OG

Frå «Ein karakteristikk av økonomisk romantikk», 1897.

Idealiseringa av småproduksjonen berrlegg eit anna typisk drag ved romantisk og narodnisk((narodnisk – etter narodniki, folkevenene, ei småborgarleg, anarkistisk revolusjonær rørsle i den russiske intelligensiaen på slutten av 1900-talet. Rørsla vende seg mot marxismen. Lenin sin strid mot teorien og politikken deira var svært viktig for at marxismen vann fram i Russland)) kritikk, nemleg den *småborgarlege karakteren* han har. Vi har sett at dei franske og russiske romantikarane er samstemde om å omsnu småproduksjon til ei «samfunnsorganisering», til ei «produksjonsform», og *setja han opp som kontrast til kapitalismen*. Vi har og sett at å setja det eine opp som kontrast til det andre slik, ikkje er noko anna enn eit uttrykk for ei over lag overflatisk forståing, at det er å dra kunstig og rangt fram ei form for vareøkonomi (storindustriekapital) og fordøma ho, og samstundes idealisera på utopisk vis *ei anna form av den same vareøkonomien* (småproduksjon). Vanheppa for både dei europeiske romantikarane frå fyrstninga av det nittande hundreåret og for dei russiske romantikarane frå slutten av det nittande hundreåret er at dei finn opp for seg sjølv ein slags abstrakt småproduksjon som eksisterer utanfor produksjonstilhøva i samfunnet. Og dei *ser bort frå* den småtingen at denne småproduksjonen i røynda eksisterer i ein omgjevnad av vareproduksjon – dette gjeld både småøkonomien på det europeiske kontinentet i 1820-åra og den russiske bondeøkonomien i 1890-åra. *I røynda* er småprodusenten, som romantikarane og narodnikane set på pidestallen, derfor ein småborgar som eksisterer i dei same antagonistiske motseiingane som alle andre medlemmer av det kapitalistiske samfunnet. Og han verjar og om interessene sine ved hjelp av

ein strid som på den eine sida skapar eit lite mindretal av storborgarar heile tida, og på hi sida driv fleirtalet inn i rekkjene til proletariatet. I røynda finst det, det ser og veit alle, ingen småprodusentar som ikkje står *mellom* desse to motsette klassane, og det er denne mellomstillinga som naudsynleg avgjer den særskilde karakteren til småborgarskapet, dobbelkarakteren det har, at det vender andletet to vegar, at det vert drege mot det mindretalet som har kome velberga ut av striden, at det er fiendsleg innstilt til »taparane», dvs. fleirtalet. Dess meir vareøkonomien utviklar seg, dess sterkare og kvassare står desse eigenskapane fram, og dess meir berrsynt vert det at idealiseringa av småproduksjonen berre gjev uttrykk for eit reaksjonært *småborgarleg* synspunkt.

(...)

Spørsmålet er: kva er då grunnlaget for at han vert skildra som ein småborgar? Grunnlaget er at han ikkje skjønar sambandet mellom småproduksjonen (som han idealiserer) og storkapitalen (som han går til åtak på). Grunnlaget er at han *ikkje ser* at den kjære småprodusenten hans, bonden, i røynda vert ein småborgar. (. . .)

Frå «Ein karakteristikk av økonomisk romantikk», skrive våren 1897.

Omsett etter Lenin: Samla verk (engelsk utg.), b. 2, s. 220-221

https://www.akp.no/ml-historie/pdf/rode_fane/1976/rf_1976_02.pdf